

## Pilegrimsvandring i Gol

Ordet pilegrim kjem frå det latinske *peregrinus* som betyr ein framand. Ein pilegrim er ein person som reiser til ein heilag stad. I middelalderen her heime var det mange som gjekk til Nidaros, til Heilag-Olavs gravstad.

Pilegrimsvandring handlar om både den ytre vandringa og den indre vandringa. Her i livet er me alltid på veg – me er alltid i endring. Nokon strevar etter å nå målet. Andre lengtar etter noko, saknar noko. Den ytre, fysiske vandringa kan vera ei hjelptil å nå fram til det ein lengtar etter inni seg.

Mange opplever i dagens samfunn at livet er hektisk. Produktivitet og effektivitet blir sett høgt. Dette kan hindre oss i å sjå verdi i det som står stille. Gjennom ei pilegrimsvandring kan ein øve seg i å vera til stades her og no, i livet slik det faktisk ser ut.

Kanskje du no er i ferd med å gå denne pilegrimsvandringa, åleine eller saman med nokon. Uansett går du aldri åleine. For Gud går saman med deg.

Ein kan gå heile runden på 17 km, eller enten til Gol kyrkje (3,8 km tur-retur) eller til Herad kyrkje (11 km tur-retur) frå sentrum. Turen inneber nokon bratte parti både opp til Gol kyrkje og på veg til Herad kyrkje, men har hovudsakleg gode og enkle vegar og stiar.

Me har ein eigen logo for denne pilegrimsvandringa som ein kan følgje langs ruta. Likevel er det ikkje alltid ein pilegrimslogo på skilta, følg då vanlege turskilt med blå gāmannslogo.

*Pax et bonum!* – Guds fred og alt godt!



P.S. Dersom du er interessert i å være med i vedlikeholdsarbeid av pilegrimsruta, ta kontakt med kyrkjekontoret 32029000.

Den Norske Krike, Gol og Herad sokn

